

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 10.06.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2020/9680

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
22.06.2021

**STYRESAK:**  
041/2021

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek rapportering om status prosjektportefølje til vitande
2. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å betre styringa av prosjektporteføljen slik det går fram av saksframlegget.

## Oppsummering

Det er stor og aukande aktivitet i prosjekt innan bygg, IKT og organisasjonsutvikling. I tillegg blir det arbeidd for å betre styringa av den samla porteføljen.

## Fakta

Helse Førde nyttar ein stad mellom 50 og 100 årsverk til prosjektarbeid i 2021, og aktiviteten er aukande. Dei aller fleste prosjekta er organisert i desse programma:

- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus
- Alle møter
- Heliks
- Libra

Det er gjort nærare greie for dei ulike prosjekta i den vedlagde porteføljerapporten, men mellom dei viktigaste aktivitetane i år er:

- Ferdigstilt Dagabygget (1. steg Nye Førde sjukehus) og Psykisk helseing og innflyttStart bygging Livabygget
- Teneste- og organisasjonsutviklingsprosjekt i Pasientens helseteneste
- Innføring av ny innkjøps- og lagerløysing
- Innført Dips Arena (ny journalløysing) i Psykisk helsevern
- Alle møter; Imatis Innført betaling via automat i Psykisk helsevern og ny portørløysing

Prosjekta rapporterer gjennomgåande på framdrift som planlagt. Ein trend er likevel at fleire av dei som rapporterer har uro for tilgang på personell framover i tid.

Parallelt med den store aktiviteten vert det også arbeidd med å betre porteføljestyringa i helseføretaket. Sjølv om leiinga er tett på dei store programma gjennom deltaking i styringsgruppene, så er det også behov for å arbeide med den heilskapelege styringa.

I 2021 vert det hovudsakleg arbeidd med, eller lagt planar for å få på plass:

1. Fast og lik rapportering
2. Risikovurdering
3. Milepelsplanar
4. Kostnads- og ressursoversikt
5. Gevinstplanar

## Kommentarar

Gjennomgåande har Helse Førde god styring innanfor dei enkelte prosjekta og programma. Det er likevel behov for nokre grep på eit overordna nivå. I vår er det innført fast og lik

rapportering i alle prosjekta i dei store programma, og dei har også gjennomført risikovurderingar. Til hausten er målet at dei skal innføre planar for milepelar og andre aktivitetar. Statusrapportar, risikovurderingar og milepelsplanar skal utførast i same verktøy, og vil gjere det enklare å få eit heilskapeleg bilete av prosjektaktivitetane.

Helse Førde har i dag ikkje fullgod oversikt som viser kva kostnader og ressursar den samla prosjektporteføljen medfører, eller eit overordna bilete av gevinstane prosjekta skal gje. Dette har også merksemd på regionalt nivå, og bør etablerast i større grad frå og med neste år.

Mange av prosjekta i Helse Førde er regionale prosjekt, slik som Alle møter, Heliks og LIBRA. Den regionale aktiviteten er også aukande, og medfører etterspurnad etter lokale ressursar. Det er behov for å få betre oversikt over lokale ressursar som arbeider i regionale prosjekt, og også kva regionale prosjekt som medfører behov for ressursar lokalt i framtida.

Porteføljestyring handlar om å styre prosjekta slik at ressursane til verksemda vert nytta på best mogeleg måte for å nå dei strategiske måla. Mykje er på plass, men det er framleis forbettringspotensiale.

## **Konklusjon**

Status på rapporteringa frå prosjekta syner gjennomgåande framdrift som planlagt. Samstundes er det behov for å betre styringa av porteføljen totalt sett.

Vedlegg: Porteføljereport vår 2021